

Imsland barnehage

Årsplan 2023-2024



IMSLAND
SKULE OG BARNEHAGE

- Trivsel gir næring til læring
- Rom for alle og blick for den enkelte

Innleiing

Årsplanen er eit målretta dokument som skal vera ny kvart år. Det skal likevel vera ein raud tråd i årsplanane frå år til år. Den seier noko om korleis barnehagen jobbar og kva me ynskjer å oppnå. Me har jobba godt med å revidere årsplanen til å innhalda det me meiner er det viktigaste for føresette å vite noko om. Den er også eit dokument personalet skal bruke gjennom året som eit oppslagsverk, og eit dokument som er styrande for arbeidet vårt.

Årsplanen gir samtsundes foreldre/føresette høve til å kunna påverka innhaldet i barnehagen og den dannar grunnlaget for kommunen sitt tilsyn i barnehagen. Vidare gir årsplanen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til andre interesserte.

Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

I Vindafjord kommune er det utarbeida felles mal for årsplanarbeidet.

*Denne planen for Imsland barnehage byggjer på
Rammeplanen frå Kunnskapsdepartementet*




Leiken har stor plass i barnehagen vår

Rammefaktorar

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2019)
Vedtektene vedtatt i kommunestyret 24.09.19

Barnehagane er sjølvstyrte einingar med barnehagestyrar som einingsleiar (med unntak av dei krinsane der barnehage og skule er ei sams eining med rektor som einingsleiar). Styrar/rektor rapportera direkte til kommunalsjef. Han er ein del av leiargruppa til rådmannen, og desse har m.a. skule- og barnehagefaglege rådgjevarar i sin stab. Barnehagen får sin økonomi fastsett i kommunen sitt budsjett.



Nyttige lenker

Barnehagelova:

<http://www.lovdatab.no/all/nl-20050617-064.html>

Rammeplanen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune:

<https://www.vindafjord.kommune.no/f/p11/ic39b059b-63be-4268-9856-09e544395750/vedtekter-for-kommunale-barnehagar-i-vindafjord-2019-20.pdf>

Stafettloggen: <https://stafettloggen.conexus.no/Account/Index?ReturnUrl=%2f>

Betre Tverrfagleg Innsats: <https://vindafjord.betreinnsats.no/>

Vindafjord kommune- nytt frå oppvekst:

<https://www.vindafjord.kommune.no/oppvekst-skule-og-familie/nytt-fra-oppvekst/>

Folkehelseinstituttet:

<https://www.fhi.no/>



«Ser du ekornet høgt oppe i treet? »

Praktisk og generell informasjon

Informasjon om barnehagen

Skulen og barnehagen i Imsland er organisert som ei eining; Imsland skule- og barnehage. Barnehagen heiter **Imsland barnehage** og er ein kommunal barnehage. Barnehageåret 2022-2023 er det 9 barn som går i barnehagen. Det er ein einavdelingsbarnehage som har 20 plasser. Det er høve til å kjøpa ekstra dagar. Ein dag kostar 280 kr

Adresse, e-post adresse og telefon:

Adressa vår er Ølmedalsvegen 23, 5583 Vikedal.
Imsland barnehage: 90136186

Hilde Bjelland Abelseth (einingsleiar og styar): 93249811
Hilde.abelseth@vindafjord.kommune.no

Bente Kristin Grimaas (pedagogisk leiar): 92207597
bente.kristin.grimaas@vindafjord.kommune.no

Opphaldstid:

Jamfør Vindafjord kommune sine vedtekter for barnehagar står det at borna si opphaldstid i barnehagen til vanlig ikkje bør vera over 9 timar per dag.

Opningstida til Imsland barnehage er kl 07.00-16.30. Dersom foreldre har behov for opning kl 06.45 må de gi beskjed på førehand.

Ferie

Barna har rett på 4 veker ferie i løpet av året og tre av desse må takast samanhengande mellom 15. juni og 15.august. Den siste veka kan takast etter avtale, seinast 2 veker på førehand. Styrar kan gjera unntak dersom det er særskilte grunnar til det.

Barnehagen vil gjerne ha tilbakemelding på barnets ferie innan 1. mai.

Barnehagen er open delar av sommaren, Vindafjord kommune har egne vedtekter om feriestenging av barnehagar. Ein kan og i periodar av ferien stengja etter avtale med føresette dersom det er få barn, eventuelt samarbeida med andre barnehagar.

For meir informasjon sjå heimesida: www.vindafjord.kommune.no

Personalet barnehageåret 2023-2024

Imsland barnehage har 2,0 + 0,75% årsverk.

Namn	Stilling	%
Hilde Bjelland Abelseth	Einingsleiar/styrar	35%
Bente Kristin Grimaas	Pedagogisk leiar	100%
Liv Irene Eimstad	Assistent	100%
Hege Imsland	Assistent	40%

Vikarar: Brit Utåker, Berit
Haugland, og Sturla
Skibevåg



Dagsrytme

I Imsland barnehage varierer dagsrytmen, men det er enkelte ting me gjer kvar dag. Dagsrytmen i barnehagen ser slik ut:

- 07.00 Barnehagen opnar. Me har ein roleg start på dagen.
- Frukost for dei som ynskjer fram til kl 08.15. Barna et frukost etter kvart som dei kjem i barnehagen.
- 09.00-ca 11.00 Grupper med aktivitetar som forming, språkgrupper, spel, ut på tur osv. Me ynskjer beskjed dersom barnet blir levert etter kl 09.00 sidan me frå dette tidspunktet deler oss inni grupper, går tur osv.
- Ca 11.30 Lunsj. Varm-mat ca ein gong i veka.
- Ca. 12.00 Uteleik
- Ca. 14.30 Frukt/ettermiddagsmat Me et ute eller inne etter ver og årstid.
- 16.30. Barnehagen stenger



Sunn og god mat er viktig i barnehagen

MyKid

Barnehagen nyttar MyKid som kommunikasjon. Her skriv me m.a. informasjon, legg ut aktivitetar på kalendaren, postar bilete frå dagen osv. Førsette administrerer sjølv inne på MyKid t.d kven som har lov til å hente barnet, svarer på ulike tillatelsar, gå inn i kalender og registrere fråvær/ ferie osv. Viktig at me får melding om morgonen om barnet ditt er sjuk eller tar fri. Me vil gjerne at all kommunikasjon føregår via MyKid, men kan nytte mobilen dersom noko er akutt eller om det hastar å få tak i oss.

Sjukdom

Dersom barnet er sjukt skal barnet vera heime. Sjå elles FHI sine retningslinjer for barn med sjukdom i barnehagen (s. 4) Gje beskjed dersom barnet av ein eller annan årsak ikkje kjem i barnehagen ein dag så snart de veit dette.

Blir barnet sjukt eller utsett for ei ulukke, og me ikkje får kontakt med heimen, tek me kontakt med lege eller helsestasjonen.

Årshjul for Imsland barnehage 2023-2024

Nytt barnehageår starta opp att måndag 15.august 2023. Barnehagen er stengt lovfesta off. heilagdagar og fridagar, samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.00. Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.

Juli er betalingsfri månad.

Tysdag 15.august	Planleggingsdag nr 1
Onsdag 16.august	Oppstart av nytt barnehageår
Fortløpande	Oppfølgingssamtale med foreldra til nye barn.
September./oktober	Blåbærtur Foreldremøte måndag 25.09 Val av foreldrerepresentantar til SU
Oktober/november	Foreldresamtalar Halloween-markering
Fredag 10.november	Planleggingsdag nr 2
Desember	Nissefest. Julevandring i kyrkja. Barnehagen held stengt på julaftan og nyttårsaftan.
Måndag 22. januar	Planleggingsdag nr 3
Februar	Karneval Vanntilvenning i basseng.
Mars	Påskefrukost før påskeferie
Onsdag 5.april	Onsdag 5.april stenger barnehagen kl. 12.00 (onsdag før skjærtorsdag jfr vedtektene §12).
Mars/April	Foreldresamtalar ved ynskje
Måndag 1.mai	1.mai er frist for å melda frå når barnet skal ha ferie.
Mai	Barnehagen stengjer følgjande offisielle høgtidsadagar:måndag 1.mai, Kristi Himmelfarstidag 9.mai ,fredag 17.mai,måndag 20.mai som er 2. pinsedag. Maifest
Fredag 10. mai	Planleggingsdag nr 4.
Juni	Avslutning for s-gjengen, sommarfest med bursdagsfeiring for sommarborna.
Juli	Sommarstengt i veke 29 og 30
Fredag 14. august	Planleggingsdag nr. 5 som er siste dag dette barnehageåret.



For meir informasjon, sjå heimesida: www.vindafjord.kommune.no

Imsland barnehage sin visjon og verdigrunnlag

«Rom for alle og blick for den enkelte»



Gjennom barnehagedagen vil me at barna skal få oppleve meistring, læring og leik. Me ynskjer å bidra til auka sjølvkjensle og sjølvtilitt hjå det enkelte barn, og å styrke den sosiale kompetansen.

Me ynskjer ein barnehage der me har me god tid. Me ynskjer at barna skal sleppe å oppleve stress og tidspress. Me vil at barna skal få ha opplevinga av å **ha** heile dagen.

Barna skal bli møtt av autoritative vaksne, og god kommunikasjon er noko som blir vektlagt hjå oss. Me skal vera støttande og oppmuntrande for barna, og skal gjennom styrt aktivitet og rutinesituasjonar som måltid, garderobe og hygiene, bidra til auka meistringskjensle og læring hjå barna.

Me ynskjer å vera til stades for barna, og me vil vera vaksne som har tid; god tid!

Imsland barnehage er ein inkluderande barnehage! Me vil ha rom for alle, og blick for den enkelte. Inkludering er ikkje noko ein oppnår og som ein kryssar av at ein er ferdig med, men det er ein kontinuerleg prosess som ein heile tida må jobbe med.

Me jobbar etter likhet-etter-behov-perspektivet, der me behandlar og omgår kvart einskild barn ut frå behova deira. Linjal-likheit, at alle blir behandla likt finn ein ikkje i Imsland barnehage.

Tema i barnehagen 2023-2024

I år har me «**Tett på-tidleg innsats og inkluderande fellesskap** » som tema og som vil vera ein raud tråd gjennom dette barnehageåret.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er eit av fleire tiltak som skal bidra til at born og unge får den hjelpa dei treng når dei treng det, enten dei går i barnehage, grunnskule eller vidaregåande skule.

Satsinga på auka kompetanse i barnehagar og skular, og dei lokale støttetenestene, skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på born som har behov for det. Samtidig skal oppgåvene til Statped - den statlege spesialpedagogiske støttetenesta - bli tydlegare og meir spissa for born med varige og omfattande behov.

Målet med kompetanseløftet er at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på borna og elevane for å kunna førebyggja, fanga opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert born og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. (henta frå Kompetanseutviklingsplanen til Vindafjord og Etne kommunar).

Rammeplanen har eit eige kapittel som heiter «Livsmestring og helse». Borna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til borna sin trivsel, livsgleda, meistring og kjensla av eigenverd og førebyggje krenking og mobbing. Barnehagen skal vera ein trygg og utfordrande stad, der borna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Borna skal få støtte i å meistre motgong og handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine følelsar. Borna skal ha moglegheit til ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtta språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær.

I vårt pedagogiske arbeid vil me legge vekt på omsorg, leik, samspel, glede og barn sin rett til medverknad. Me vil også leggja til rette for at alle barna opplever vennskap og korleis halde på vennene sine. Me må hjelpe barna til å øve opp den sosiale kompetansen sin gjennom empati og rolletaking, det å leva seg inn i i andre menneske sine kjensler. 1.januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for

barnehagemiljøet

som skal sikra at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø (sjå link på s. 4).

Som oppdragar har ein ei rolle som grensesetjar. Barn har behov for grenser for å kunne utvikle seg og verta trygge. Me vil førebygge mobbing og me vil stoppe situasjonar som blir oppdaga t.d. utestenging. Me vil legge vekt på å ha ein anerkjennande veremåte, vere tydlege vaksne i samspelet. Den vaksne må og visa empati å ha realistiske krav ut frå barna sin alder og utvikling.

Me vil vera gode rollemodellar for barna. Med dette meiner me å vere vaksne som set grenser, gir omsorg, tryggleik og varme. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen. Me vaksne skal setje grenser, men me skal også hjelpa barna å setja grenser for seg sjølv.

Leiken i Imsland barnehage

Leiken skal ha ein sentral plass i Imsland barnehage. Leiken skal vera ein arena for barna si utvikling, både fagleg og sosialt. Skal barn få til leiken saman, så er det godt for dei å ha eit felles erfaringsgrunnlag å leike på. Det er vanskeleg å leike Sabeltann dersom du ikkje veit kven Sabeltann er. Det er vanskeleg å leike hjortejakt, viss du ikkje veit kva hjort eller jakt er. Difor gjer me barna felles erfaring ved å bruke eventyr, bøker og songar i barnehagen slik at ein får felles erfaring til å leike, forske og glede seg i.

Barna sin leik skal vera positivt lada, der dei opplever at dei får god flyt i leiken med naturlege overgangar, og at leiken blir driven fram av barna sin eigen indre motivasjon. Leiken skal vera ein arena der venskapsband blir knyta, der ein utviklar empati og lærer turtaking, ein øver opp den sosiale kompetansen sin, Barna lærer å bli tolerante gjennom å «gje og ta», og oppleve at alle er forskjellige og at alle må ta hensyn til kvarandre.

I Imsland barnehage vil me mellom anna ha rolleleik, konstruksjonsleik, regelleik og sanseleik gjennom ulike typar formingsmateriale, og grov- og finmotorisk leik. Me vil også leggja til rette for at barnet skal kunne slappa av, spøka og ha humor med seg i leiken, og det å kjenne på glede.

I Imsland barnehage nyttar me dei ulike styrkane til dei tilsette så godt me kan. Ein vaksen er gjerne ekstra god til å lage historier og ta barna med i ei fantasiverd og legg til rette for at barna sjølv blir ein del av leiken. Ein annan vaksen si styrke er gjerne å ha høgtlesing for barna, og vil dermed skape inspirasjon til rolleleik som barna kan gjere sjølv etterpå. Dei tilsette skal ha respekt for at barna enkelte gonger ynskjer å leike aleine, og det skal bli lagt til rette for at leiken til barna blir skjerna.

Romma i barnehagen skal brukas allsidig. Dei tilsette skal heile tida bidra til å gjere endringar i romma på ein sånn måte at det inspirera barna til leik. Her ser me at

rommet er forvandla til «Badeland», inspirert av «Bukkane Bruse på Badeland». Med enkel ommøblering, jamleg utbytting av leiker og leikerekvisittar, og ved å stadig lage nye leikekrokar blir det stadig «nye» stader.



Det er eit stort alderssprik i barnegruppa, og dei ulike aldersgruppene skal ha sin leikekultur skjerma på best mogleg måte. Barnegruppa blir i enkelte dagar delt inn i aldersbestemte grupper.

Barna skal få oppleve frileik der dei bestemmer og driv fram leiken sjølv, - at dei finn sin indre motivasjon. Dei tilsette skal vera observerande og gripe inn og hjelpe til dersom det blir konflikt som barna ikkje klarar å løyse på eigen hand.

Læring

Læring skjer i alle situasjonar i barnehagen, strukturerte og ustrukturerte, i her - og no hendingar og planlagde aktivitetar, i samspel barn - vaksen og barn – barn, det skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, oppseding og omsorg. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på ulike område. I Imsland barnehage får barna lære gjennom å gjere- «learning by doing» der dei får ta og føle på og kjenne på konkretar. Som vaksne lyttar me til det barnet har interesse for, t.d. gjennom å lage «bensinstasjon» eller butikk. Å leike butikk er det mykje læring i, og det er lystbetont.



Sosial kompetanse, danning

Sosial kompetanse og korleis me øver opp denne går inn under blant anna leik og læring. Me vil likevel ha med punkta nedanfor for å synleggjere meir konkret korleis ein jobbar med sosial kompetanse; .

Me ynskjer at barn og vaksne i Imsland barnehage skal:

- Bry seg om kvarandre
- Ta vare på kvarandre
- Reagere på urett
- Lytte til andre
- Snakke MED kvarandre, ikkje OM kvarandre

- Melde frå om behov
- Ta initiativ
- Leike
- Få vener- ha fokus på kva er ein god ven
- Vere høflege
- Ha visjonen vår i fokus;
ROM FOR ALLE, OG BLIKK FOR DEN ENKELTE



1. januar 2021 kom ei ny lov om trygt og godt barnehagemiljø. Barna har rett på å ha det trygt og godt i barnehagen vår, og dersom dei opplever å ikkje ha det er barnehagen plikta til å jobbe systematisk med dette gjennom aktivitetsplan. Meir kompetanse på dette området har me jobba med gjennom utdanningsdirektoratet sine kompetanepakkar.

Dei 7 fagområda henta frå Rammeplanen

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Dei vaksne i barnehagen skal ordlegge seg med eit rikt, men lettfatteleg språk. Det vil seie at dei tilsette må tilpassa språket sitt etter kva aldersgruppe og modningsnivå mottakar er på. Personalet skal snakke *med* barna, ikkje *til* barna.

Me nyttar nye og gamle eventyr, bøker og songar. På denne måten møter barna eit rikt og variert språk. I haust har me jobba med eventyret Askepott. Me har fortalt eventyret, me har lese frå eventyrboka og me har lese ein disney-variant. Me har også sett teikneserie om Askepott.

Barna skal få kjennskap til bokstavar, lydar og stavingar gjennom ulike språkleiker. Ein skal også følge med på om barna har ei sein språkutvikling, eller har lite språk, og

støtte opp rundt dette. Me nyttar oss av kartleggingsverktøy som «Alle med» og «TRAS».



Kropp, bevegelse og helse

Vanar tek form frå ung alder, og det er viktig for Imsland barnehage og gje barna sunne og gode måltidsvanar. Barna skal også vite kor maten kjem frå, og få innsikt i vegen frå «mat til måltid». Det er også viktig for oss at barna får vera mykje ute, og me har ulike turdagar i nærområdet for barna. Barna får også ha med sykkel i barnehagen, frå etter påske til etter haustferien, for å trene seg på dette. Me vil oppfordra barna til å utfordra seg sjølv ut frå deira nivå til ulike typar kroppsleg leik og aktivitetar både inne og ute. Er me så heldige at me får snø kan borna ta med seg ski i barnehagen.

I barnehagen har me fokus på eit sunt og godt kosthald, me har smørjemat til begge måltida, samt frukt og grønnsaker. Ein dag i veka har me oftast varmt måltid, det kan til og med bli fleire gonger i veka med varm mat. Barna får ofte vera med å bestemme kva me skal ha på menyen. Uteområde i barnehagen er me glade i, som både er variert med skogområde, asfalt, ulike klatrestativ og ballbinge. Mange av barna likar godt å leike i skogen og bygge hytte. Me reiser på bading med dei eldste barna. Me plar reise 8 -10 gonger på bading i Ølen.

Kunst, kultur og kreativitet

Me prøver å leggje til rette for varierte og kjekke formingsaktivitetar. Dette fagområdet omhandlar uttrykksformer som kunst og handverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Mange av desse uttrykksformene oppstår spontant, medan andre er meir planlagde aktivitetar. I Imsland barnehage har nokre av barna jobba med å planlegge, teikne og bygge sine egne båtar. Mange av aktivitetane me gjer som omhandlar kunst, kultur og kreativitet er knytt opp mot dei ulike årstidene og tradisjonar.

Natur, miljø og teknikk

Det å gje barna ulike naturopplevingar er svært positivt, og kan gjere at barna vil ha fokus på berekraftig utvikling, og ta vare på det me har kring oss. Imsland barnehage vil leggje til rette for at barna får kjennskap til dyre- og fugleliv, oppleve og utforske ulike naturfenomen gjennom å dra på turar og besøk. Kvar vinter har me om vinterfuglar. Me matar fuglane kvar dag på fuglebrettet utanfor vindauga vårt. Me følger også med på fuglelivet nært innpå oss: ender, gjæser, svaner i Ølmedalsvatnet og ørn som fyk over oss ser me ofte. Nytt av året er ekornet som me følger med på. Det kan faktisk verke som om me har funne ekornet sitt bole! Andre aktivitetar me gjer er mellom anna å følgje med på kva som endrar seg dei ulike årstidene, få

kjennskap til kva me kan hauste av planter og vekstrar, me sorterer matavfall, plast og papir og går på gardsbesøk.



Antall, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Me ynskjer at barna gjennom leik, eksperimentering og

kvardagsaktivitetar skal utvikla sin matematiske kompetanse. Me vil leggja til rette for allsidige erfaringar med tal, mønster og former, storleikar og mål, plassering og orientering, og nytta gode matematiske omgrep. Mykje av denne læringa skjer i ustrukturerte læringsssituasjonar som oppstår her og no, i naturlege situasjonar. Me er opptekne av å bruke omgrep som preposisjonar t.d. bak, over, under og matematiske omgrep som t.d. sirkel, kvadrat.

Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme måten me oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Me jobbar for at barna skal utvikla toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhørsla. Me markerer høgtider og merkedagar som er representerte i barnehagen. Me deltek t.d. på Julevandring i kyrkja, og i år skal me ha med oss barna som er frå 3 år og oppover.

Nærmiljø og samfunn

I Imsland barnehage er det viktig for oss at barna har medverknad i sin eigen barnehagekvardag, og slik dannar me dermed grunnlaget for å seinare delta i eit demokratisk samfunn. Me skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Me skal leggja vekt på å styrka kunnskapen om og tilknytninga til blant anna lokalsamfunnet, naturen og kunst og kultur. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Dette gjer me gjennom turar som S-gjengen er med på, og mini S-gjengen. Me går kortare og lengre turar. Barna skal få kjennskap til minoritetar som t.d. å lære om samane. Ein gjer dette på ulike måtar, men ofte har ein «Samane sin

dag» der ein les og ser på flagget og knyt ulike aktivitetar opp mot dette, og ein lager gjerne noko mat.

Overordna mål for Imsland skule og barnehage



Eit inkluderande læringsmiljø

Overordna mål for barnehagen:

- Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning,
- Rammeplanen seier:
- «Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette.
- Barnehagen skal være et trygt og utfordrende sted der barna kan prøve ut ulike sider ved samspill, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna skal ha mulighet til ro, hvile og avslapping i løpet av barnehagedagen».

Betre tverrfagleg innsats (BTI) og Stafettloggen

Me har framleis fokus på BTI- betre tverrfageg innsats, som er ein samhandlingsmodell for tenester som t.d. helsestasjon og barnehagen. Dette kjem til uttrykk gjennom Stafettloggen, som er eit samhandlingsverktøy som me skal bruke dersom me t.d. er uroa for at eit barn blir mobba i barnehagen, har sein språkutvikling, ikkje forventna utvikling motorisk osv. Dette er til god dokumentasjon for kva arbeid som blir gjort, og sikrar at barnet får den oppfølginga det har krav på.

Sjå elles første side for lenke.

For dei som skal starte på skulen hausten



Ein liten kikk inn i skulestova.

Overgang frå skule til barnehage våren 2024.

Imsland skule- og barnehage er *ei* eining, noko som gjer at overgong frå barnehagen til skulen plar å vera trygg og god. Skule og barnehage nyttar same uteområde, så det er trygge omgjevningar. S-gjengen får lov å vera ute i friminutt slik at dei får leike på tvers sfo/barnehage/skule.

Månad	Kva skjer
Januar/februar	Alle som skal starte på skulen til hausten får tilsendt eit innskrivings skjema. Der ber me om opplysningar og samtykke om at informasjon kan delast med skulen.
Vårhalvåret	Alle som skal starte på skulen til hausten får komme på besøk til skulen i løpet av vårhalvåret
Mai/juni	Informasjonsmøte for føresette til den framtidige 1.klassingen.
Juni	Pedagogisk leiar i barnehagen, kontaktlærer for 1. klasse til hausten og einingsleiar har overføringsmøte. Der går ein gjennom t.d. TRAS og ALLE MED- skjema og samtalar om barnet for å få ein så god overgong til skulen som mogleg. PPT kan også vere med på dette møtet. Foreldra kan vera med på dette møtet om dei ynskjer det, då må foreldra melda frå til pedagogisk leiar på førehand.

Innskriving til skulestart. Godt å ha ei trygg pappa-hand med<3



Vurdering

Rammeplanen seier at me skal evaluera arbeidet me gjer. Me skal sjå på kva som gjekk bra, og kva som ikkje fungerte. Kva var grunnen til at det eventuelt noko ikkje gjekk som først planlagt, og kva kan me gjera for å betra oss som barnehage? Dette er mykje av det som den kommunale satsinga hjelper oss å setje fokus på gjennom pedagogisk analyse. Dette gjer me gjennom jamnlege personalmøte og planeggingsdagar. Pedagogisk leiar og einingleiar har møte kvar veke.

Samarbeid

Samarbeidsutvalet


Imsland skule -og barnehage har eit felles Samarbeidsutval (SU). Det består av representantar frå foreldregruppa, representantar frå dei tilsette og einingsleiar. I 2023 og 2024 er ? og Gunleiv Nybru foreldrerepresentantar i barnehagen.

Foreldrerådet

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal verta førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet har kvart barn ei stemme, og vanlege fleirtalsvedtak gjeld.



Bildet er lånt frå Eventyrhagen barnehage på Håvik)

(